

**Utval:** Hovudutval for kultur, idrett og integrering

**Møtestad:** Radisson Blu Royal hotel Bryggen, Bergen

**Dato:** 02.12.2019

**Tidspunkt:** 11:00-15:45

**Følgjande faste medlemer møtte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Stian Jean Opedal Davies	Leiar	A
Senea Sabanovic	Medlem	A
Kjell Gitton Håland	Medlem	A
Alfred Bjørlo	Nestleiar	V
Gunn Åmdal Mongstad	Medlem	Sp
Hilde Horpen	Medlem	Sp
Øyvind Strømmen	Medlem	MDG
Symphorien Pombe	Medlem	SV
June Vibecke Knudtsen Indrevik	Medlem	H
Hege N. Dale	Medlem	FNB
Knut Inge Andersen	Medlem	FNB
Bjarte Vatnøy	Medlem	Frp
Kurt Johnny Hæggernæs	Medlem	Pp

**Følgjande medlemer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer
Terje Kollbotn	Medlem	R
Lise-May Sæle	Medlem	H

**Følgjande varamedlemer møtte:**

Namn	Møtte for	Representerer
Bjørn Loe Nyhus	Lise-May Sæle	H
Rita Tonning	Terje Kollbotn	R

**Frå administrasjonen møtte:**

Namn	Stilling
Per Morten Ekerhovd	Påtroppande direktør for kultur, idrett og inkludering
David Aasen Sandved	Påtroppande seksjonssjef for kulturarv
Britt Karen Spjeld	Påtroppande seksjonssjef for idrett og friluftsliv
Ruth Ørnholt	Påtroppande seksjonssjef for bibliotekutvikling
Elisabeth Bjørsvik	Påtroppande seksjonssjef for inkludering, strategi og analyse
Arnt Ola Fidjestøl	Påtroppande seksjonssjef for arkiv
Siri Ingvaldsen	Påtroppande seksjonssjef for kulturformidling
Thorbjørn Aarethun	Møtesekretær

<b>Sakliste</b>			
<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
	<b>Godkjenningssaker</b>		
GK 3/19	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 4/19	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for kultur, idrett og integrering 12.11.2019	2019/96	
	<b>Referatsaker</b>		
RS 7/19	Forskrift om fylkeskommunenes oppgaver innenfor friluftsområdet Politiske saker	2019/95	
	<b>Politiske saker</b>		
PS 6/19	Budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023	2019/28	
PS 7/19	Tilskot til Friluftslivets ferdselsårer - reviderte retningsliner 2020	2019/105	
PS 8/19	Arrangementstilskot til nasjonale og internasjonale junior- og seniormeisterskap	2019/108	
PS 9/19	Tilskot til lavterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom - reviderte retningsliner	2019/112	
PS 10/19	Innspel til ny stortingsmelding om idrett	2019/116	
PS 11/19	Høyringsfråsegn til lov om språk (språklova)	2019/40	
PS 12/19	Høyringsssvar til ny lov om samfunnsdokumentasjon og arkiv	2019/93	
PS 13/19	Vestland fylkeskommune og tilhøvet til kommunearkivordninga	2019/84	
PS 14/19	Samarbeid om kunstgrasbaner og bruk av ulike typer fyllmateriale	2019/109	

## Godkjenningssaker

### GK 3/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 02.12.2019

Møteinnkallinga og saklista vart godkjend utan merknader.

### GK 4/19 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for kultur, idrett og integrering 12.11.2019

Forslag til vedtak

Møtebok frå møte i hovudutval for kultur, idrett og integrering 12.11.2019 vart godkjent utan merknader.

Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 02.12.2019

Møteprotokoll frå møte, 12.november 2019, vart godkjend utan merknader.

## Referatsaker

### RS 7/19 Forskrift om fylkeskommunenes oppgaver innenfor friluftsområdet

Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 02.12.2019

RS 7/19 vart referert.

## Politiske saker

### PS 6/19 Budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023

Forslag til framlegg frå finansutvalet

1. Dokumentet "Budsjett 2020/økonomiplan 2020-23" utgjer det overordna styringsdokumentet for den fylkeskommunale verksemda for åra 2020-23.
2. Driftsbudsjettet for 2020 vert vedteke med slike rammer:

<b>1A Løyvingsoversikt - drift (§5-4) - 1000kr</b>	<b>2020</b>
Rammetilskot	5 736 900
Inntekts- og formueskatt	4 202 100
Eigedomsskatt	-
Andre generelle driftsinntekter	101 370
Sum generelle driftsinntekter	10 040 370
SUM LØYVINGAR DRIFT, NETTO	- 8 739 473
Avskrivningar	- 1 000 000
Sum netto driftsutgifter	- 9 739 473
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>300 897</b>
Renteinntekter	110 900
Utbytte	-
Gevinst og tap finansielle omløpsmidler	-

Renteutgifter	-	328 800
Avdrag på lån	-	616 000
Netto finansutgifter	-	833 900
Motpost avskrivningar		1 000 000
<b>Netto driftsresultat</b>		<b>466 997</b>
<b>Disponering eller dekning av netto driftsresultat</b>		
Overføring til investering	-	536 997
Netto avsetning til eller bruk av bundne fond		-
Netto avsetning eller bruk av disposisjonsfond		70 000
Dekning av tyidleger års meirforbruk		-
<b>SUM DISPONERING ELLER DEKNING AV NETTO DRIFTSRESULTAT</b>	<b>-</b>	<b>466 997</b>
Fremført til inndecking i seinare år (meirforbruk)		-
<b>1B Løyvingsbudsjett pr sektor - 1000 kr</b>		<b>2020</b>
Politisk styring		55 444
Kontrollutval		10 333
Eigedom - drift og vedlikehald		446 831
Administrasjon av organisasjon og økonomi		213 411
Org og øk - tiltaksmidlar		9 000
<b>Politisk styring, kontrollutval og org. og økonomi</b>		<b>735 019</b>
Plan, analyse, klima og folkehelse		43 980
IKT og digitalisering		119 666
Administrasjon av strategi og digitalisering		6 238
<b>Strategisk utvikling og digitalisering</b>		<b>169 884</b>
Pasientbehandling		234 991
Administrasjon		33 166
<b>Tannhelse</b>		<b>268 157</b>
Arkiv		11 783
Bibliotek		12 619
Kulturformidling		16 636
Kulturarv		100 452
Idrett og friluftsliv		32 742
Inkludering, strategi, analyse		20 320
Kunst og kulturutvikling		109 112
Administrasjon av kultur og idrett		8 101
<b>Kultur, idrett og inkludering</b>		<b>311 765</b>
Veg-, drift og vedlikehald		1 141 695
FTU - midlar		16 376
Administrasjon av infrastruktur og veg		8 624
Andre tiltak - infrastruktur og veg		997
<b>Infrastruktur og veg</b>		<b>1 167 692</b>
Buss		1 032 298

Bane	36 701
Ferje	901 553
Båt	280 380
TT, serviceskyss, innfartsparkering, teknisk skyss	166 494
Administrasjon av mobilitet og kollektiv	101 728
<b>Mobilitet og kollektiv</b>	<b>2 519 154</b>
Administrasjon av innovasjon og næringsutvikling	10 417
Verdiskaping i byar/regionar	128 078
Naturressursar, landbruk og reiseliv	33 413
Forsking, kompetanse og internasjonalisering	30 712
Grøn vekst, klima og energi	14 448
Utviklingsmidlar	19 685
<b>Innovasjon og næringsutvikling</b>	<b>236 753</b>
Vidareg. opplæring i skule inkl særskilt tilrettelagt oppl	2 764 576
Vidaregåande opplæring for vaksne	78 937
Fagskule	21 081
Andre føremål opplæring	52 819
Opplæring i bedrift	519 214
Administrasjon av opplæring & kompetanse	31 583
<b>Opplæring og kompetanse</b>	<b>3 468 210</b>
<b>SUM Netto Drift</b>	<b>8 876 634</b>
KORR. budsjett sentrale utg/innt ikkje med i 1A	137 161
<b>KORR netto drift 1B</b>	<b>8 739 473</b>

3. Investeringsbudsjettet for 2020 vert vedteke med slike rammer:

<b>Løyvingsoversikt investering (§ 5-5) - 1000kr</b>	
	<b>2020</b>
Investeringar i varige driftsmidlar	- 5 946 253
Tilskot til andre sin investering	
Investering i aksjar og andelar	- 7 500
Utlån av eigne midlar	
Avdrag på lån	
<b>SUM INVESTERINGSUTGIFTER</b>	<b>- 5 953 753</b>
Kompensasjon mva	603 361
Tilskot frå andre	2 534 319
Sal av varige driftsmiddel	50 000
Sal av finansielle anleggsmidlar	-
Utdeling frå selskap	-
Mottatt avdrag på utlån	-
Bruk av lån	1 704 976
<b>SUM INVESTERINGSINNTEKTER</b>	<b>4 892 656</b>
Vidareutlån	-
Bruk av lån vidareutlån	-

Avdrag på lån vidareutlån	-
Mottate avdrag vidareutlån	-
Netto utgift vidareutlån	-
Overføring frå drift	536 997
Netto avsetjing til eller bruk av bundne inv fond	
Netto avsetjing til eller bruk av ubundne inv ford	524 100
Dekning av tidlegare års udekka beløp	
<b>SUM Overføring frå drift og netto avsetjing</b>	<b>1 061 097</b>
<b>Framført til inndeking seinare år</b>	<b>-</b>

#### 2B løyvingsoversikt - investeringar i 1000kr

	2020
Forvaltning / fellesfunksjonar	352 268
Opplæring	762 241
Tannhelse	28 550
Kultur og næring	18 790
Fylkesveggar inkl rassikring	2 362 604
Kollektiv	2 421 800
<b>Sum investeringar varige driftsmiddel</b>	<b>5 946 253</b>

Investeringar i aksjer og andelar	
Kjøp av aksjer og eigendelar	7 500
<b>SUM investering i aksjer og andelar</b>	<b>7 500</b>

4. Fylkestinget vedtek nye låneopptak på 1 594 mill. kr.
5. Fylkestinget vedtek framlagt budsjettreglement.
6. Fylkestinget vedtek økonomiplanen sine rammer for 2021-23. Rammene vert lagt til grunn når ein til våren skal utarbeide økonomiplan for perioden 2021-2024.

#### Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 02.12.2019

**June Indrevik (H)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ

Man tar fylkesrådmannens innstilling til orientering»

**Kjell Haaland (A)** sette på vegne av A, Sp, MDG, SV og V fram slikt forslag:

«Alternativ

Hovedutval for kultur, idrett og integrering tek finansutvalet sitt framlegg til orientering og kjem attende til endelig budsjettframlegg i fylkesutval og fylkesting»

**Rita Tønning (R)** sett fram slikt forslag:

«Alternativ

Hovedutval for kultur, idrett og integrering tek forslag til innstilling til orientering.»

Indrevik trekte sitt forslag

Haaland trekte sitt forslag

### **Avrøysting**

Tønning sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Hovudutval for kultur, idrett og integrering tek forslag til innstilling til orientering.

## **PS 7/19 Tilskot til Friluftslivets ferdselsårer - reviderte retningslinjer 2020**

### **Forslag til vedtak**

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering ynskjer å stimulere kommunane til å utarbeide ein heilskapleg plan for friluftslivets ferdselsårer, i samsvar med rettleiar M-1292 frå Miljødirektoratet.
2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek retningslinjer for ordninga friluftslivets ferdselsårer i Vestland.

### **Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 02.12.2019**

#### **Avrøysting**

Prosjektleiar si innstilling vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering ynskjer å stimulere kommunane til å utarbeide ein heilskapleg plan for friluftslivets ferdselsårer, i samsvar med rettleiar M-1292 frå Miljødirektoratet.
2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek retningslinjer for ordninga friluftslivets ferdselsårer i Vestland.

## **PS 8/19 Arrangementstilskot til nasjonale og internasjonale junior- og seniormeisterskap**

### **Forslag til vedtak**

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek vidareføring av ordninga Arrangementstilskot til nasjonale og internasjonale junior- og seniormeisterskap i Vestland.
2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek justerte retningslinjer for ordninga Arrangementstilskot til nasjonale og internasjonale junior- og seniormeisterskap i Vestland.

### **Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 02.12.2019**

**Rita Tønning (R)** sette fram slikt forslag:

«Hovedutval for kultur, idrett og integrering ber om ei evaluering etter sykkel-VM i 2018»

**Rita Tønning (R)** sette fram forslag om å utsette handsaming av saka.

Tønning trekte begge sine forslag.

### **Avrøysting**

Prosjektleiar si innstilling vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek vidareføring av ordninga Arrangementstilskot til nasjonale og internasjonale junior- og seniormeisterskap i Vestland.
2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek justerte retningslinjer for ordninga Arrangementstilskot til nasjonale og internasjonale junior- og seniormeisterskap i Vestland.

## **PS 9/19 Tilskot til lavterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom - reviderte retningslinjer**

### **Forslag til vedtak**

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering ynskjer å stimulere til utvikling av nye tilbod som skal bidra til å få fleire barn og unge i Vestland fysisk aktiv kvar dag.
2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek retningslinjer for ordninga tilskot til lavterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom i Vestland.

## **Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 02.12.2019**

### **Avrøysting**

Prosjektleiar si innstilling vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering ynskjer å stimulere til utvikling av nye tilbod som skal bidra til å få fleire barn og unge i Vestland fysisk aktiv kvar dag.
2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek retningslinjer for ordninga tilskot til lavterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom i Vestland.

## **PS 10/19 Innspel til ny stortingsmelding om idrett**

### **Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet vedtek innspel til ny stortingsmelding om idrett slik det framgår av vedlegget.

## **Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 02.12.2019**

### **Avrøysting**

Prosjektleiar si innstilling vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkesutvalet vedtek innspel til ny stortingsmelding om idrett slik det framgår av vedlegget.

## **PS 11/19 Høyringsfråsegn til lov om språk (språklova)**

### **Forslag til innstilling**

Vestland fylkeskommune vedtek høyringsfråsegn om språklov slik den ligg føre i vedlegg 1.



## Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 02.12.2019

Øyvind Strømmen (MDG) sette fram slikt forslag:

«Alternativ

1. Vestland fylkeskommune ser det som positivt at departementet vil lovfeste statusen til norsk språk og definere statusen til samiske språk, teiknspråk og andre språk som staten etter internasjonale avtaler har eit ansvar for.
2. Vestland fylkeskommune vil peika på at det norske språket er under press frå engelsk, i form av domenetaf innan enkelte sektorar, som academia og i digitale medium. Vidare er nynorsk, som det minste av dei to norske målformene, under press frå bokmål. Talet nynorskbrukarar går ned, noko som gjev det offentlege eit særskilt ansvar for vern og aktiv bruk av nynorsk.
3. Vestland fylkeskommune meiner føremålet er tydeleg og godt formulert i utkastet til ny språklov. Det er viktig at lova slår fast at ein har eitansvar for å fremje det minst brukte skriftspråket, og at det offentlege skal verne og fremjesamiske språk og norsk teiknspråk, kvensk, romani og romanes.
4. Vestland fylkeskommune stør alternativ 1 i utkastet til lov, altså at fylkeskommunar og fylkeskommunalt tilknytte organ skal vere verkeområde for lova. Dette vil styrka rettane til nynorskbrukarar, føre til meir nynorsk og til eit sterkare vern av det minst brukte norske skriftspråket. Det er også ei naturleg følgje av at fylkeskommunane tek over fleire oppgåver frå staten, og vil auka bruken av nynorsk som offentleg tenestemål. Dette er spesielt viktig i fylke med eit mindretal av kommunar som har nynorsk som administrasjonsmål.
5. Vestland fylkeskommune stør utkastet til §9 (Klart språk). Me vil understreka at dette er ein viktig paragraf. Klarspråk er med på å gje eit klart språk tilpassa brukaren, og stiller krav til forvaltninga om å styrka språkkompentansen.
6. Når det gjeld §10 (Offisiell rettskriving for bokmål og nynorsk) meiner Vestland fylkeskommune at det er viktig at det vert lovfesta at statsorgan skal ha namn på norsk, både bokmål og nynorsk, som følgjer offisiell rettskriving. For å sikra dette bør dei aktuelle statsorgana sjå til at Språkrådet vert konsultert på eit tidleg tidspunkt når det gjeld namn på statlege verksemder.
7. Vestland fylkeskommune stør framlegget til lovparagraf i §11, alternativ 1, som seier at kommunestyra sjølv gjer vedtak om krav til statsorgan om å bruka berre nynorsk eller bokmål i all skriftleg kommunikasjon med kommunale organ. Samstundes er det viktig at staten har tydelege forventningar om å ta særleg omsyn til språkbrukarane i kommunar med skular eller elevgrupper som nyttar nynorsk, men der majoriteten nyttar bokmål.
8. Når det gjeld §16 (Krav til skrivekompetanse) føresler Departementet å endra regelverket som gjeld individuell plikt for tilsette i statsforvaltninga om å nytta nynorsk og bokmål i tråd med gjeldande reglar. Dette vert erstatta med ei plikt på organisasjonsnivå for statsorgana og eventuelt fylkeskommune organ om å syta for at reglane om språkbruk blir følgde.

Vestland fylkeskommune vil peika på at endringa kan innebera ei svekking av jamstillinga av bokmål og nynorsk, samt av sidemålsopplæringa sin status i skulen. Går ein bort frå ei plikt på individnivå om å nytta nynorsk og bokmål i tråd med regelverket vil ein svekka nokre av argumenta for opplæring og eksamenar i både nynorsk og bokmål i skulen. Ei anna ulempe kan vera at krav om skrivekompetanse ikkje vert teke med ved stillingsutlysingar. Dette kan medføre at det vert rekruttert færre med god skrivekompetanse i bae målformene i offentlege organ.

Vestland fylkeskommune vil samstundes peika på at alternativ 1, som også omfattar fylkeskommunar, er å føretrakkja framfor alternativ 2.

9. Vestland fylkeskommune meiner det er viktig og rett at Språkrådet gjennom §18 får ei utvida rolle som rettleiar, rådgjevar, tilsynsorgan og forvaltningsorgan i språkspørsmål. Dette gjev Språkrådet auka legitimitet og medfører at heile verksemda til rådet blir lovfesta. Å gje Språkrådet tydeleg mandat som tilsynsorgan med plikt til statsorgan og fylkeskommunar om å rapportere til Språkrådet er ein god måte å føre tilsyn med at lova blir følgd.
10. Vestland fylkeskommune meiner at Språkrådet også bør gjevast ansvar for vern og utvikling av norsk teiknspråk, og syner i denne samanhang til høyringssvar frå Bergen Døvesenter.»

## **Avrøysting**

Strømmen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet, mot ingen røyster for prosjektleiar sitt forslag.

## **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Vestland fylkeskommune ser det som positivt at departementet vil lovfeste statusen til norsk språk og definere statusen til samiske språk, teiknspråk og andre språk som staten etter internasjonale avtalar har eit ansvar for.
2. Vestland fylkeskommune vil peika på at det norske språket er under press frå engelsk, i form av domenetaip innan enkelte sektorar, som academia og i digitale medium. Vidare er nynorsk, som det minste av dei to norske målformene, under press frå bokmål. Talet nynorskbrukarar går ned, noko som gjev det offentlege eit særskilt ansvar for vern og aktiv bruk av nynorsk.
3. Vestland fylkeskommune meiner føremålet er tydeleg og godt formulert i utkastet til ny språklov. Det er viktig at lova slår fast at ein har eitansvar for å fremje det minst brukte skriftspråket, og at det offentlege skal verne og fremjesamiske språk og norsk teiknspråk, kvensk, romani og romanes.
4. Vestland fylkeskommune stør alternativ 1 i utkastet til lov, altså at fylkeskommunar og fylkeskommunalt tilknytte organ skal vere verkeområde for lova. Dette vil styrka rettane til nynorskbrukarar, føre til meir nynorsk og til eit sterkare vern av det minst brukte norske skriftspråket. Det er også ei naturleg følgje av at fylkeskommunane tek over fleire oppgåver frå staten, og vil auka bruken av nynorsk som offentleg tenestemål. Dette er spesielt viktig i fylke med eit mindretal av kommunar som har nynorsk som administrasjonsmål.
5. Vestland fylkeskommune stør utkastet til §9 (Klart språk). Me vil understreka at dette er ein viktig paragraf. Klarspråk er med på å gje eit klårt språk tilpassa brukaren, og stiller krav til forvaltninga om å styrka språkkompetansen.
6. Når det gjeld §10 (Offisiell rettskriving for bokmål og nynorsk) meiner Vestland fylkeskommune at det er viktig at det vert lovfesta at statsorgan skal ha namn på norsk, både bokmål og nynorsk, som følgjer offisiell rettskriving. For å sikra dette bør dei aktuelle statsorgana sjå til at Språkrådet vert konsultert på eit tidleg tidspunkt når det gjeld namn på statlege verksemder.
7. Vestland fylkeskommune stør framlegget til lovparagraf i §11, alternativ 1, som seier at kommunestyra sjølv gjer vedtak om krav til statsorgan om å bruka berre nynorsk eller bokmål i all skriftleg kommunikasjon med kommunale organ. Samstundes er det viktig at staten har tydelege forventningar om å ta særleg omsyn til språkbrukarane i kommunar med skular eller elevgrupper som nyttar nynorsk, men der majoriteten nyttar bokmål.

8. Når det gjeld §16 (Krav til skrivekompetanse) føresler Departementet å endra regelverket som gjeld individuell plikt for tilsette i statsforvaltninga om å nytta nynorsk og bokmål i tråd med gjeldande reglar. Dette vert erstatta med ei plikt på organisasjonsnivå for statsorgana og eventuelt fylkeskommune organ om å syta for at reglane om språkbruk blir følgde.

Vestland fylkeskommune vil peika på at endringa kan innebera ei svekking av jamstillinga av bokmål og nynorsk, samt av sidemålsopplæringa sin status i skulen. Går ein bort frå ei plikt på individnivå om å nytta nynorsk og bokmål i tråd med regelverket vil ein svekka nokre av argumenta for opplæring og eksamenar i både nynorsk og bokmål i skulen. Ei anna ulempe kan vera at krav om skrivekompetanse ikkje vert teke med ved stillingsutlysingar. Dette kan medføre at det vert rekruttert færre med god skrivekompetanse i baa målformene i offentlege organ.

Vestland fylkeskommune vil samstundes peika på at alternativ 1, som også omfattar fylkeskommunar, er å føretrekkja framfor alternativ 2.

9. Vestland fylkeskommune meiner det er viktig og rett at Språkrådet gjennom §18 får ei utvida rolle som rettleiar, rådgjevar, tilsynsorgan og forvaltningsorgan i språkspørsmål. Dette gjev Språkrådet auka legitimitet og medfører at heile verksemda til rådet blir lovfesta. Å gje Språkrådet tydeleg mandat som tilsynsorgan med plikt til statsorgan og fylkeskommunar om å rapportere til Språkrådet er ein god måte å føre tilsyn med at lova blir følgd.
10. Vestland fylkeskommune meiner at Språkrådet også bør gjevast ansvar for vern og utvikling av norsk teiknspråk, og syner i denne samanheng til høyringssvar frå Bergen Døvesenter.

## **PS 12/19 Høyrings svar til ny lov om samfunnsdokumentasjon og arkiv**

### **Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet tek framlegget til ny lov om samfunnsdokumentasjon og arkiv til vitande, men har merknader til fleire av føresegnene:

1. Vestland fylkeskommune meiner at lovteksten må klargjerast ved at omgrepet arkiv vert teke inn i føremålsparagrafen. Slik framlegget er sendt ut vil det svekkje arkivsektoren sin autoritet, og arkiva sin demokratiske funksjon ved at omgrepet arkiv ikkje er nemnd.
2. Vestland fylkeskommune meiner at det er bra med at § 6 i lova stiller krav til at ein skal dokumentere dokumentasjonsplikter og prosessar og sakshandsaming. Bruken av omgrepet *strategi* er misvisande og bør erstattast med omgrepet *plan*.
3. Vestland fylkeskommune meiner at krava til arkivinstitusjonane må vere tydlegare og i større grad legge opp til eit meir aktivt formidlingsansvar. Formidlingsansvaret har ikkje fått tilstrekkeleg vekt i lovutkastet. Dette er kritisk og svekker den demokratiske funksjonen og kulturverdien til arkiva og rettane til innbyggjarane.
4. Vestland fylkeskommune støtter §34, 2. ledd om at fylkeskommunen får ansvar for å koordinere arbeidet med private arkiv av regional verdi og skal sørge for langtidsbevaring av slike.

### **Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 02.12.2019**

**Rita Tønning (R)** sette fram slikt forslag:

«Nytt pkt. 5

Hovudutval for kultur, idrett og integrering går inn for at Stortinget skal foreta ei lovending som sikrar at også arkivmateriale frå industriverksemdene blir tatt vare på.»

**June Indrevik (H)** sette fram slikt forslag:

«Nytt pkt. 5

Vestland fylkeskommune ser viktigheten av at også arkivmateriale frå industriverksemdene blir tatt vare på, og ber om at dette vurderes innarbeidet i loven.»

## Avrøysting

Tonning sitt forslag fekk ei røyst (R) og fall

Indrevik sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet

Prosjektlear sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet

## Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet tek framlegget til ny lov om samfunnsdokumentasjon og arkiv til vitande, men har merknader til fleire av føresegnene:

1. Vestland fylkeskommune meiner at lovteksten må klargjerast ved at omgrepet arkiv vert teke inn i føremålsparagrafen. Slik framlegget er sendt ut vil det svekkje arkivsektoren sin autoritet, og arkiva sin demokratiske funksjon ved at omgrepet arkiv ikkje er nemnd.
2. Vestland fylkeskommune meiner at det er bra med at § 6 i lova stiller krav til at ein skal dokumentere dokumentasjonsplikter og prosessar og sakshandsaming. Bruken av omgrepet *strategi* er misvisande og bør erstattast med omgrepet *plan*.
3. Vestland fylkeskommune meiner at krava til arkivinstitusjonane må vere tydelegare og i større grad legge opp til eit meir aktivt formidlingsansvar. Formidlingsansvaret har ikkje fått tilstrekkeleg vekt i lovutkastet. Dette er kritisk og svekker den demokratiske funksjonen og kulturverdien til arkiva og rettane til innbyggjarane.
4. Vestland fylkeskommune støtter §34, 2. ledd om at fylkeskommunen får ansvar for å koordinere arbeidet med private arkiv av regional verdi og skal sørge for langtidsbevaring av slike.
5. Vestland fylkeskommune ser viktigheten av at også arkivmateriale frå industriverksemdene blir tatt vare på, og ber om at dette vurderes innarbeidet i loven.

## PS 13/19 Vestland fylkeskommune og tilhøvet til kommunearkivordninga

### Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune sluttar seg til Kommunearkivordninga i Vestland kommunalt oppgåvefelleskap frå og med 1.1.2020. Tenestene skal sikra at arkiva til Vestland fylkeskommune vert handtert, tekne vare på og formidla i samsvar med arkivlova sine føremål og føresegner.
2. Fylkestinget ber prosjektlear gå i dialog med styret i Kommunearkivordninga i Vestland kommunalt oppgåvefelleskap om Vestland fylkeskommune sitt økonomiske bidrag i samband med årsbudsjett 2021 og økonomiplan.
3. Fylkestinget ber prosjektlear kome attende med sak om framtidig organisering og samarbeid mellom dei kommunale arkivinstitusjonane i Vestland fylke til junitinget 2020.

### Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 02.12.2019

June Indrevik (H) sette fram slikt forslag:

«Alternativ til pkt.3

Fylkestinget ber prosjektlear kome attende med sak om framtidig organisering og samarbeid mellom dei kommunale arkivinstitusjonane i heile Vestland fylke til junitinget 2020.»

## Avrøysting

Prosjektlear si innstilling, pkt.1 og 2, vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Indrevik sitt forslag til pkt. 3 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot ingen røyster for prosjektlear sitt forslag.

## Innstilling til fylkesutvalet

1. Vestland fylkeskommune sluttar seg til Kommunearkivordninga i Vestland kommunalt oppgåvefelleskap frå og med 1.1.2020. Tenestene skal sikra at arkiva til Vestland fylkeskommune vert handtert, tekne vare på og formidla i samsvar med arkivlova sine føremål og føresegner.

2. Fylkestinget ber prosjektleiar gå i dialog med styret i Kommunearkivordninga i Vestland kommunalt oppgåvefellesskap om Vestland fylkeskommune sitt økonomiske bidrag i samband med årsbudsjett 2021 og økonomiplan.
3. Fylkestinget ber prosjektleiar kome attende med sak om framtidig organisering og samarbeid mellom dei kommunale arkivinstitusjonane i heile Vestland fylke til junitinget 2020.

## **PS 14/19 Samarbeid om kunstgrasbaner og bruk av ulike typer fyllmateriale**

### **Forslag til vedtak**

Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek at Vestland fylkeskommune skal inngå samarbeid med KG 2021.

### **Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 02.12.2019**

**Rita Tønning (R)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg

Hovudutval for kultur, idrett og integrering bør få ei oversikt over ekstrakostnader for kommunane ved omlegging til miljøvenlege kunstgrasbaner i kommunane i Vestland»

### **Avrøysting**

Tønning sitt forslag vart vedteke med 9 røyster (Frp, FNB, PP, R, SV, Sp og MDG).  
Prosjektleiar sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek at Vestland fylkeskommune skal inngå samarbeid med KG 2021 (kunstgras fram mot 2021).

Hovudutval for kultur, idrett og integrering bør få ei oversikt over ekstrakostnader for kommunane ved omlegging til miljøvenlege kunstgrasbaner i kommunane i Vestland.